Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Heskestad

Emne: Ymse attåtfor

Bygdelag:

Oppskr. av: B. Flom

Gard:

(adresse): Heskestad

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A.
1. Røter vert ikkje sanka no. Dei vart i si tid rekna som naudfor. Ingen sanking under siste krig. Det er nok meir enn 50 år sidan det vart slutt med sanking av røter.

2. Det var om våren under våråarbeidet at Kvekk- og traunskerøtene vart sanka, vaska og gjevne rå til kyrne.
Det vert fortalt at nokre karar frå garden Steine var med i våråarbeidet på Tjørn, og dei sanka ei heil byrd med Kvekk- og traunskerøter med seg heim. Seinare vart det fult tett av dette ugraset på Steine.

3. Traunske- og Kvekkerøter vart nytta.

4. Borne i kiper.

5. Røtene vart ikkje lagd tilsides, men gjevne straks dei var vaska.

B. Bregner.
Røter av bregner er ikkje vortne nytta her i bygda. Bregne kalla dei blom.

II. Tang og tare. Tang og tare finnst ikkje i Heskestad, då bygda ikkje støyter til sjøen nokon stad.

8438

III. Raumbor har sume stader vorte sanka til for. helst til sauer.

IV. Heslemók. Her i bygda er det ingen som kjenner til at heslemók er nytta til fór for kyrne.

V Det er ikkji kjent at sörpafor er nytta, men drank (drav) etter brygging vart gjeve kyrne.

VI. I innlandsbygd som Hirkeslad har det ikkji vore noko sers höve til å nytta fiskeavfall til krölerfor.

7/12-1953.

8438

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING